



MØTEREFERAT

Referat frå møte med Rosendal utvikling 15.6.2021 - Områderegulering for Rosendal tettstad - PlanID 20190002

Referent	Saksarkivnr.	Dato
Anne Lise Næs	2019/394-242	23.06.2021

Tid og stad: 15.6.2021 **Kommunetyresalen, Rådhuset**

Tilstades:

Frå Rosendal utvikling (RU) - Oddbjørn Kroka, Herlaug Skjelnes, Bente Lie Nilsen
Frå Kvinnherad kommune - KD Ragnhild Bjerkvik, Sigbjørn Øye, Anbjørn Høivik,
Hildegunn Furdal, Anne Lise Næs

Møte vart halde etter at Rosendal utvikling tok kontakt med Kvinnherad kommune og ville snakke om sine planar og moglegheiter. Dette på grunnlag av områderegulering for Rosendal tettstad som er under arbeid, og korleis dette planarbeidet vil påverke utviklinga i Rosendal. Agenda for møtet vart sendt inn på førehand, og ligg vedlagt referatet.

Me starta med ein presentasjonsrunde.

Anbjørn Høivik innleia kort på bakgrunn av innsendt dokumentasjon.

Rosendal utvikling orienterte

Bente Lie Nilsen orienterte om Rosendal Utvikling og viste vedlagt presentasjon.

Ho informerte også om sin bakgrunn, med 40 år i «daglegvarebransjen» som leiar i Spar Uskedalen.

Ho er opptatt av å alltid ha kunden i fokus, og meiner at det må Kvinnherad kommunen også ha. Utover informasjonen i vedlegga her, så tenkjer Bente at «trafikk skapar trafikk», derav må vi ynskja alle nye aktørar velkomne.

RU vil gjerne samarbeide med andre kringliggjande bygder, og vil ta kontakt med dei etter kvart. Dei næringsaktørane som er med i Rosendal utvikling driv organisasjonen.

RU orientert om at området strekkjer seg frå Betongvare i sør til Rosendal Hyttetun sitt område i nord. Dei orienterte om at områdereguleringa får konsekvens for alle næringane som ligg i Rosendal sentrum.

RU orienterte, på spørsmål frå Anbjørn Høivik, om at dei raskt kontakta nystarta Rosendal bygdelag, og ønskjer eit godt samarbeid med dei. Det har likevel vore utfordrande med samarbeidsmøter i korona-perioden.

Rosendal utvikling ynskjer fortløpande informasjon om utviklinga i planarbeidet.

Dei er ikkje opptatt av at den nye industrihallen skal bevarast, og ynskjer ikkje at føremålet skal vidareførast for industri her.

Prosjektgruppa har fokus på korleis varelevering skal avviklast. Planforslaget pr. no legg opp til at hovudtrafikken inn i Rosendal bør verte via SKV15, inn- og ut-køyring ved elva, men med høve til å køyre forbi Folgefonnsenteret og opp Vangsvegen (søraust). Ein tenkjer då først å fremst på vareleveranse som treng å kunne køyre rundt, men også på tilkomst til dei som bur i området der. Prosjektgruppa har funne at det fagleg ikkje er ei god løysing å fortsette innkøyring i Vangsvegen (søraust) slik det fungerer i dag. Dette fordi området er vurdert som uoversikteleg for mjuke trafikantar, og med eit trafikkbilete som er vanskeleg å ha oversikt over, særleg for born. Like eins så har prosjektgruppa vurdert at ein ikkje bør fortsette å køyre ut Vangsvegen nord. Dette er også eit ugreit område for mjuke trafikantar, og gruppa meiner ein bør kjøre ut via SKV15. Ein bør likevel kunne køyre inn til parkeringshuset via Vangsvegen nord, og ein føreslår ikkje at innkøyring skal stengjast.

RU peikar på utfordrande tema - i samsvar med vedlagt agenda:

- Byggehøyder på evt nybygg, med innhold av leiligheter, innenfor planen må avklarast og krav til parkeringsplass pr bueinheit.
- Veisystem og snuplass som er planlagt gjennom Skålafjæro er for plasskrevande og setter begrensninger for framtidig utvikling. Det er planlagt veg som krever unødige mykje plass. Det er teikna inn fortau på begge sider .
Alternativt kan det teiknast inn fortau på eine sida og i tillegg ha gangfelt for kryssing av vegen. De er ynskjeleg at traseen blir planlagt meir lik den som ligg i dagens reguleringsplan, den vil krevja mindre areal.
Det blei og påpeka at turistbussane får for stor plass i planen i forhold til faktisk bruk. Denne trafikken foregår i eit lite tidsrom iløpet av året og låser for stort areal i eit område der ledig areal er begrensa og kan bli ei utfordring for framtidig utvikling av området. Her må ei løysing med plass til av/påstigning vera mest hensiktsmessig.
Store byar klarar handtera dette uten store areal avsett til dette formålet. Det handlar om god planlegging av logistikken i dei tidsromma dette er naudsynt.
- Vangsvegen må holdes open for fortrafikk i begge retningar. Det er gode muligheter for auka bredde i nedre kant av gata/vegen. Med god merking og avgrensing mot sida mjuke trafikantar skal gå vil dette fungere godt. Visar til måten dette er løyst på oppsida av Folgefonnsenteret. Her er det tydeleg merking av veg og plass for mjuke trafikantar .
Vangsvegen er oversiktleg begge veier. Vi må påpeika at 90 % av året er trafikken av både bilar og mjuke trafikantar svært begrensa og fungerer fint.
Det er i dag næringsaktører i Vangsvegen som har retning for besøkande kundar fra Skålagata og ned, ei endring av denne muligheten vil skapa utfordringar.
- I planen er det vist til *Parkering leggast til tilrettelagte P-plassar*, uten at det er merka av plass til dette formålet i planen.
- Næringsaktørar ynskjer ikkje å stenge nedkjøringa fra Skålagato til parkeringshuset nord for butikkbygget, men er open for at denne kan einveiskjørast fra Skålagato og ned.

RU ber om ei synfaring i Vangsvegen då dei meiner den er ganske oversiktleg og i rett linja begge vegar med gode muligheter for utviding i nedre kant.

Blir det fjerna parkeringsplassar må dei erstattast før eksisterande blir brukt til andre føremål eller evt fjerna.

Me drøfta, og administrasjonen som også arbeider med plan for Trafikksikring i kommunen, er ikkje heilt einig i at det er nok å merkje eit felt for gåande gjennom Vangsvegen. Administrasjonen meiner Vangsvegen er noko uoversikteleg for mjuke trafikantar og treng truleg fleire tiltak for mjuke trafikantar.

Me drøfta korleis møteplassar bør etablerast, for både eldre og unge, og gjerne legge opp til aktivitet langs strandpromenaden.

Me drøfta korleis ein bør etablere strandpromenaden utan at ein har ei klar formeining om dette. Kanskje kan ein opparbeide delar av vegen etter kvart som det let seg gjere å få hand om areal?

Det kom elles innspel om at det bør leggjast inn meir areal for småbåtar ved Rosendal hamn og ved Rosendal fjordhotell.

Me drøfta tema om flaumfare

Administrasjonen orienterte om kommunen sine kartlag og kartdata, også om at det er grunneigarane som har ansvaret for å førebyggje sine deler langs elvene.

RU v/Herlaug Skjernes foreslo å etablere flaumluke i dammen ved Myrdalsvatnet, slik at ein kan trappe ned før eventuelle flaummeldingar. Han viste m.a. til slik installasjon i Mjøsa, og meinte vatnet kunne regulerast om lag 2 meter. Han meiner også at områdereguleringa for Rosendal bør omtale kva muligheiter ein har ihht. flaum i sentrum.

Administrasjonen tenkjer det er eit godt forslag med flaumluke, og at det er bra med førebyggjande flaumtiltak. Dei orienterte om at kommunen søkjer å gjere nødvendige analysar for å lette planlegginga for innbyggjarane som vil utvikle og byggje innanfor flaumsonar.

RU v/Oddbjørn Kroka er oppteken av at Skålafjæro må gjerast byggjeklart.

Administrasjonen utfordra Rosendal utvikling på kvar dei tenkjer idrettshallen bør liggje?

RU meiner idrettshallen bør liggje borte ved skulane, og meiner samstundes at det er dårleg arealutnytting for Skålafjæro å berre ha bubilar der. RU meiner ein bør byggje ut med god høgde og luft mellom bygningane, slik at det blir god sikt mellom bygga.

Oppsummering

- Det var eit godt møte med gode drøftingar.
- Byggjehøgder og overordna trong for parkering skal avklarast.
- Vegsystem i Skålafjæro (SKV15) skal justerast i høve til opphavleg utkast, og slik at vegen vert meir kvartalsforma som dagens situasjon. Ein skal ikkje legge opp til ekstra areal for turistbussar.
- Administrasjonen meiner det er litt utfordrande å få på plass vegsystema og køyremønster på ein god og trafikksikker måte. Det er ikkje i utgangspunktet heilt tydeleg korleis ein bør løyse køyremønsteret gjennom Vangsvegen. Heller ikkje er det heilt tydeleg korleis ein bør legge til rette for mjuke trafikantar gjennom gata. Prosjektgruppa tar innspela med seg vidare i planarbeidet.
- Nedkjøring frå Skålagato til Vangsvegen nord skal ikkje stengjast. Det er førebels i planforslaget lagt opp til at ein ikkje skal kjøre ut i Skålagato frå Vangsvegen nord.
- Rosendal Utvikling ynskjer industrien i industrihallen i Skålafjæro velkommen så lenge det er marknad og muligheiter for drift. RU vil likevel ikkje låse framtidig bruk av området og bygget til industri dersom framtida visar at anna bruk av bygg og område er meir hensiktsmessig.

- Det er planlagt å legge inn meir areal for småbåtar ved Rosendal hamn, og innspela blir teke vidare i arbeidet.
- Me er einige om at flaumluke i dammen ved Myrdalsvatnet er eit godt forslag, men ligg utanfor området som kan omtalast særleg i områdereguleringa for Rosendal tettstad. Flaumtiltak er likevel bra om ein får til.
- Idrettshallen bør liggje borte ved skulane.

Kopi til:

Kvinnherad kommune v/Ragnhild Bjerkvik

Sigbjørn Øye

Kjartan Thoresen

Kvinnherad kommune v/Anbjørn Høivik

Grete Solheim

Kvinnherad kommune v/Hildegunn Furdal